

## Sjekkliste for prøvenemnder

**Prøvenemnda skal laste opp dokumentasjon til Møre og Romsdal fylkeskommune i Vigobedrift snarast slik:**

### 1. Etter alle praktiske prøver som er bestått

- Prøveprotokoll, fullstendig utfylt og signert digitalt av både leiar og medlem.

### 2. Dersom kandidaten er gitt karakteren ikkje bestått

- Oppgåva kandidaten har fått utdelt.
- Den skriftlege informasjonen prøvenemnda har gitt kandidaten om prøveavviklinga.
- Innkallinga av kandidaten til prøva.
- Tilleggsprotokoll.
- Kandidaten si eigenvurdering av prøva.
- Prøvenemnda sine vurderingar undervegs av prøva (t.d. vurderingsskjema) og dokumentasjonsskjema med vurderingsgrunnlag.
- Fagleg summert grunngiving av karakteren ikkje bestått. Denne grunngivinga skal vere skriven slik at ho kan sendast til kandidaten og kunne nyttast i ei eventuell klagebehandling.
- Alle fotografi og/eller nøyaktige beskrivingar nemnda har frå prøva.
- Prøvenemnda må sikre, dokumentere og ta vare på prøvearbeidet.

### Viktige punkt ved all prøveavvikling jf. [forskrift til opplæringslova §§ 3-50 – 3-60](#):

- Prøvenemnda må ta stilling til om begge medlemmar er habile ([forvaltningslova § 6](#))
- Begge medlemmar i prøvenemnda skal vere til stades ved prøvestart og prøveslutt.
- Prøvenemnda må gi kandidaten skriftleg informasjon om prøveavviklinga.
- Prøvenemnda skal gjere kandidaten kjent med korleis dei ulike delane av prøva skal leverast (planlegging/gjennomføring/eigenvurdering).
- Ved særskilt tilrettelegging av prøva skal prøvenemnda ha mottatt informasjon frå fylkeskommunen før oppstart.
- Prøvestaden skal vere godkjent og klargjort før prøva startar.
- Kandidaten skal ha mottatt oppgåva skriftleg.
- Oppgåva skal vere presis slik at det klart går fram kva ho går ut på og kva hjelpemiddel kandidaten kan nytte seg av.



- Prøvenemnda skal sikre at kandidaten har forstått oppgåveteksten.
- Tidsramma for fagprøva skal vere innanfor tidsramma i læreplanen og kandidaten skal ha reelt høve til å utføre eit kvalitetsmessig godt arbeid på tildelt tid.
- Prøvenemnda skal gjere kandidaten kjent med hovudpunkta i vurderingskriteria og kva som blir forventa av måloppnåing for dei ulike karakterane.
- Det skal vere klart korleis tilsynet skal gjennomførast og dokumenterast dersom prøvenemnda har etablert tilsyn (tilsynsperson frå lærebedrifta) under prøva.
- Prøvenemnda skal avklare kven som har dobbelstemme og som dermed avgjer karakteren ved usemje og likt stemmetal før prøva startar. Den som har dobbelstemme signerar under protokollen som leiar.
- Prøvenemnda skal sikre prøvearbeidet slik kandidaten har levert arbeidet, sikra med foto og nøyaktige beskriving.
- Karakteren ikkje bestått er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Er karakteren ikkje bestått må karakteren grunngivast. Grunngivinga skal vere fagleg grunna og skal summere heilskapen av den kompetansen kandidaten har vist. Kompetanse- og næringsavdelinga gir kandidaten melding om karakteren og grunngivinga skal kunne sendast slik prøvenemnda har gitt den. Grunngivinga er grunnlaget for ei eventuell klage og må derfor innehalde all relevant informasjon.